UTDANNINGS FORBUNDET Fjaler

Møtepapir, årsmøte
Utdanningsforbundet Fjaler
09.03.2023 kl. 18.00

Sak 1 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling

05.01.2023 blei innkalling sendt ut.

Innstilling til vedtak: Innkallinga vert godkjent.

1.2. Val av dirigentar / møteleiarar

Innstilling til vedtak: Som møteleiar vert Normann Vik valt.

1.3. Referentar

Innstilling til vedtak: Som referentar vert Ragnhild Tveiten valt.

1.4. Val av protokollunderskrivarar

Innstilling til vedtak: Ingjerd Synnøve Furnes Ness og (namn kjem til møtet) vert valde som protokollunderskrivarar.

1.5. Sakliste

Sak 1 Konstituering
Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret
Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i påfølgande årsmøteperiode
Sak 4 Budsjett

Sak 5 Saker innmeldt frå medlemmer og klubbar innanfor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram.

Sak 6 Saker sett opp på sakslista til fylkeslaget sitt årsmøte

Sak 7 Val og nominasjonar

Sak 9 Resolusjonar og uttalar

Innstilling til vedtak: Saklista vert godkjent.

UTDANNINGS FORBUNDET Fjaler

Møtereglement

1 Dirigentane / møteleiarane opnar og leiar møtet.
2 Alle medlemmer av lokallaget som har meldt seg på innan fristen, har tale- og stemmerett på årsmøtet.
Ein representant frå fylkesstyret har talerett.
3 Taletida er avgrensa til to minutt, replikkar til eitt minutt. Saksinnleiaren og medlemmer frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarlista for å svare på spørsmål eller gje saksopplysingar.
4 Dirigentar og delegatar kan komme med forslag om ytterlegare avgrensa taletid eller at strek vert sett. Slike forslag skal straks takast opp til avstemming.
5 Årsmøtedeltakarane som ber om ordet til dagsorden, forretningsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eitt minutts taletid.
6 Forslag i saker skal fremmast av den som fremmar forslaget.
7 Alle forslag skal vere levert og kunngjort før strek vert sett.
8 Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at strek er sett.
9 Forslag vert vedtekne dersom det er fleire stemmer for enn mot. Ved likt tal stemmer, vert avstemminga avgjort ved loddtrekning. Likt tal stemmer ved personval er regulert i pkt. 1.6 Valreglement - generelt om vala.
10 Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal vedta å handsame saker som ikkje er satt opp på sakslista. Vedtak i slike saker krev også 2/3 fleirtal.

Innstilling til vedtak: Møtereglementet vert godkjent.

1.6. Valreglement

Generelt om vala:

Vala gjeld for eitt eller to år med verknad frå 1. august 2022.

Alle val er skriftlege bortsett frå val i konstitueringssaka.

Dirigentane kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open votering, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomitéen, og det ikkje er forslag.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane som er foreslått og som har sagt ja til å stille. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Kandidatar som er foreslått, er:

1. Forslag frå valkomitéen (verv i styret og hovudtillitsvalde) og forslag frå lokallagsstyret (verv i lokal valkomité)
2. Kandidatar som er foreslått av deltakarane på årsmøtet

Blank stemmesetel blir rekna som nytta stemme.

Ved likt stemmetal mellom to kandidatar i omval, vert det avgjort ved loddtrekning. Dersom det vert halde omval mellom tre eller fleire kandidatar der den med færrast stemmer skal ut, vert det også avgjort ved loddtrekning ved stemmelikskap.

Desse skal veljast på lokallagsårsmøtet: Leiar i lokallagsstyret, nestleiar, andre styremedlemmer, varamedlemmer til lokallagsstyret, tillitsvalde etter hovudavtalen i KS, og valkomité for kommande periode.

Gjennomføring av vala på årsmøtet

Vala vert gjennomført i den rekkefølgja som vert gitt nummerert nedanfor:

1. Val av lokallagsleiar. Den kandidaten som får meir enn halvparten av stemmene, er vald. Om ingen av kandidatane får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Nytt val vert halde mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet blir følgt til berre to kandidatar står att. Ved omval mellom dei to kandidatane, vert den som får flest stemmer vald.
   Skulle det ikkje vere mogeleg å skilje to kandidatar med omval, vert valet avgjort ved loddtrekning.
2. Val av nestleiar i lokallaget (plenum) etter same valregler som i punkt 1.
3. Val av tillitsvalde etter hovudavtalene innanfor verksemder på kommunenivå etter same valreglar som i punkt 1.
   Årsmøtedeltakarane med hovudtilsetjing i kommunale verksemder har stemmerett.
   Vala vert gjennomført på same måte som i punkt 1 -val av leiar.
4. Val av rett tal av andre medlemmer til lokallagsstyret etter gjennomførte val av leiar og nestleiar. Gyldig stemme er enten å krysse av for valkomitéen si innstilling, eller å velje rett tal kandidatar av dei som er innstilt av valkomitéen, eller vert foreslått på årsmøtet.
   Val av medlemmer til lokallagsstyret skjer i samsvar med kvoteringsbestemmingane i vedtektene § 15.1.: *Det skal takast sikte på ein kvinnedel på minst 50 % i alle valde organisasjonsledd, og § 15.2: Lokallagsstyret skal setjast saman med ein rimeleg representasjon frå dei ulike medlemsgruppene og ha minst ein leiarrepresentant.*
5. Val av varamedlemmer til lokallagsstyret. Det vert valt tre varamedlemmer i prioritert rekkjefølge. Desse vert fritt valt etter same valreglar som i punkt 1.
6. Val av valkomité. Lokallagsstyret fremmar forslag på tre medlemmer til ny valkomité for årsmøteperioden.
   Valkomitéen vert vald på same måte som andre medlemmer til lokallagsstyret og varamedlemmer til lokallagsstyret, punkt 4 og

5 ovanfor. Valkomitéen si samansetjing og ansvar er heimla i vedtektene § 64.
7. Val av delegatar til fylkeslaget sitt årsmøte i samsvar med det talet og den fordelinga som går fram av melding frå fylkesstyret.
8. Val av personlege vara delegatar til fylkeslaget sitt årsmøte.

Innstilling til vedtak: Valreglementet vert godkjent.

Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret

Årsmelding: Vedlegg 2
Rekneskap: Vedlegg 3

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak: Årsmøtet tek lokallagsstyret si melding til orientering. Årsmøtet godkjenner rekneskapen.

Sak 3 Handlingsplan for arbeidet i påfølgande årsmøteperiode

Handlingsplan: Vedlegg 4

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak: Årsmøtet vedtek retningsliner for arbeidet i påfølgande årsmøteperiode

Sak 4 Budsjett

Budsjett 2023: Vedlegg 5

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak: Årsmøtet vedtek budsjettet

Sak 5 Saker innmeldt frå medlemmer og klubber innanfor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram

Ingen saker er melde inn til årsmøtet 2023

UTDANNINGS FORBUNDET Fjaler

Sak 6 Saker sett opp på sakslista til fylkeslaget sitt årsmøte

Ingen saker er melde inn til årsmøtet 2023

Sak 7 Val

Valkomitéen har bestått av:

Leiar Jørn Solås, Dingemoen skule, grunnskule
Hilde Genberg, UWC, videregåande
Hugo Fretland, Fjaler kommune miljøarbeid, annan

Valkomitéen si innstilling til nytt lokallagsstyre, hovudtillitsvalde, og varamedlemmer til lokallagsstyret. Innstilte kandidatar er markert med gult. Dei utan markering er ikkje på val i år.

Til lokallagsstyret, som hovudtillitsvalde og varamedlemmer vert følgjande valde:

Lokallagsleiar:	Eifrid Renate L. Nitter, Dingemoen skule, GRS
Nestleiar:	Ragnhild Tveiten, Våge skule, GRS
Hovudtillitsvalt:	Elisabeth Hove Bråtane, Dingemoen skule, GRS
Styremedlem:	Mette Kvamme, Dale videregåande skule, VGS
Styremedlem:	Synnøve Kristin S. Lundgård, Dingemoen skule, GRS
Styremedlem:	Turid Straume, Yksnebjør barnehage, BHG
Styremedlem:	Kjersti Yndestad, Yksnebjør barnehage, BHG
1. vara styremedlem:	Mari Kyrkjebø, Dale videregåande skule, VGS
2. vara styremedlem:	Bente Haugen, Flekke skule, GRS
3. vara styremedlem:	John Kåre Myklebust, Dingemoen skule, GRS

Oversikt over valkomiteen sine innstillingar: Vedlegg 6

8.1 Val av nestleiar i lokallagsstyret

Valkomitéen si innstilling til vedtak:

Ragnhild Tveiten, Våge skule, GRS

8.2 Val av tillitsvalde etter hovudavtalen i KS

Valkomitéen si innstilling til vedtak:

Elisabeth Hove Bråtane, Dingemoen skule, GRS

8.3 Val av andre medlemmer til lokallagsstyret:

Valkomitéen si innstilling til vedtak:

styremedlemmer:

Synnøve K. Strand Lundgård, Dingemoen skule, GRS
Kjersti Yndestad, Yksnebjør barnehage, BHG

8.4 Val av tre varamedlemmer til lokallagsstyret:
Valkomitéen si innstilling til vedtak:

1. varamedlem: Mari Kyrkjebø, Dale vidaregåande skule, VGS
2. varamedlem: Bente Haugen, Flekke skule, GRS
3. varamedlem: John Kåre Myklebust, GRS

8.5 Val av valkomité i Utdanningsforbundet Fjaler
for kommande årsmøteperiode

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:
Medlemmer: Hilde Genberg, UWC, VGS
Hugo Fretland, miljøtenesta, andre
Namn kjem til årsmøte

8.6 Val av delegatar og vara delegatar til fylkeslaget sitt årsmøte

Fjaler kommune har i år fått tildelt to plassar i fylkesårsmøtet. Ein representant for grunnskule og ein for vidaregåande skule. Delegaten frå vidaregåande må kome frå fylkeskommunen, derfor er berre kandidatar frå Dale vidaregåande skule aktuelle. Sidan ein ikkje har fått på plass vara for vidaregåande, ynskjer valkomiteen at årsmøtet går inn for at styret har mandat til å skaffe til vege vara om det blir behov for dette.

Valkomitéen si innstilling til vedtak:

Delegat for vidaregåande skule: Mette Kvamme

Delegat for grunnskule: Eifrid Renate Lillefosse Nitter
1. vara: Synnøve K. Strand Lundgård
2. vara: Ragnhild Tveiten

8.7 Foreslå kandidatar til fylkesstyret og valnemnd i Utdanningsforbundet Vestland

Oversikt over aktuelle kandidatar til fylkesstyre: Vedlegg 7
Oversikt over aktuelle kandidatar til valnemnd i fylket: Kjem

8.8 Foreslå kandidatar til sentrale verv i Utdanningsforbundet

Sak 9 Resolusjonar eller uttalar

9.1 Resolusjon: BUP Vedlegg 8

9.2 Resolusjon: Kvalifisert personale i skule, barnehage, PPT
Vedlegg 9

9.3 Resolusjon: Likestille fysisk og psykisk helse i permisjonsreglement Vedlegg 10